



## Høring om utkast til ny nasjonal rammeplan for kulturskolen

**Dokumentinformasjon:**

Saksbehandlar: Gro Dalen

E-post: postmottak@alesund.kommune.no

Arkivsak: 24/914

Journalpost: 24/36113

**Behandling:**

Saksnummer:	Utval:	Dato:
028/24	Hovudutval for kultur og oppvekst	15.05.2024

### 028/24 - Hovudutval for kultur og oppvekst

**Vedtak:**

Ålesund kommune sluttar seg til høyringsutkastet til ny nasjonal rammeplan for kulturskolen, med dei kommentarane som går fram av kommunedirektøren sine vurderingar i saksutgreiinga.

**Behandling:****Votering:**

Kommunedirektøren si innstilling enstemmig vedtatt.

**Kommunedirektøren si innstilling:**

Ålesund kommune sluttar seg til høyringsutkastet til ny nasjonal rammeplan for kulturskolen, med dei kommentarane som går fram av kommunedirektøren sine vurderingar i saksutgreiinga.

**Samandrag:**

Norsk kulturskoleråd har utarbeidd eit utkast til ny nasjonal Rammeplan for kulturskolen – kulturskole for alle (overordna del), som er sendt ut på høyring. Høyringsfristen er 15. mai.

**Saksopplysningar:**

Ålesund kommunestyre vedtok i 2020 (K-sak 049/20) at dagens rammeplan, Rammeplan for kulturskolen - mangfold og fordjuping (2016), skulle vere gjeldande som overordna rammeplan for Ålesund kulturskole.

I stortingsmelding 18 (2020 - 2021) Oppleve, skape, dele - Kunst og kultur for, med og av barn og unge ber regjeringa Norsk kulturskoleråd om å vurdere endringar i rammeplanen i tråd med formålet for kulturskolen, slik det er skissert i meldinga (kap. 8.2.4).

Kulturskolerådet har no utarbeidd eit høyringsutkast til ny Rammeplan for kulturskolen – kulturskole for alle (overordna del).

Visjonen, som også blir spegla i tittelen, er framleis “kulturskole for alle”, og blir forklart slik:

“En *kulturskole for alle* kjennetegnes av høy kompetanse på kunst og kultur og et rikt mangfold i tilbud. Gjennom de tre pilarene læring, utfoldelse og bærekraft, ivaretas kulturskolens spesifikke kunst- og kulturoppdrag, sammen med kulturskolens sosiale og samfunnsmessige oppdrag”.

Hovudkapitla-/tema i det nye rammeplanutkastet er:

1. Kulturskolen sitt samfunnsoppdrag: forankring i lover og konvensjonar, verdigrunnlag og formål
2. Kulturskolen si forståing av oppdrag: kulturskolens tre pilarar, mål og kulturskolen - ein aktør for sosial bærekraft
3. Kulturskolen sin praksis: organisering av tilbodet, fag, digitalitet og dialog - kulturskolen i ein digital tidsalder, læringsstøttande arbeid i kulturskolen, kulturskolelæraren og det profesjonelle læringsfellesskapet
4. Kvalitet, roller og ansvar i kulturskolen: Kvalitet i kulturskolen, kommunen sitt ansvar, kulturskolen sitt ansvar, universitetet og høøgskolar sine ansvar, utvikling, forskning og innovasjon i kulturskolen

## **Hovudtrekk i forslag til nasjonal rammeplan for kulturskolen**

### **1. Kulturskolen sitt samfunnsoppdrag**

Utkastet til ny rammeplan tar opp i seg endringar i nasjonale føringar og revidert opplæringslov, som trer i kraft i august 2024. I tillegg til kravet om at kommunen skal ha eit kulturskoletilbod, er no også kulturskolen sitt samfunnsoppdrag forankra i opplæringslova:

*§ 26-1 Kulturskole: Kommunen skal ha eit tilbod om kulturskole til barn og unge, organisert i tilknytning til skolen og kulturlivet*

*§ 26-2 Formålet med kulturskolen: Kulturskolen skal leggje til rette for at elevane får delta i ulike aktivitetar der dei får lære, oppleve, skape og formidle kulturelle og kunstnariske uttrykk, i eit trygt og godt skolemiljø.*

Av andre føringar blir det vist til FN-konvensjonar om menneskerettar og UNESCO-konvensjonar. Her er ei sterkare presisering knytt til rettar for menneske med nedsett funksjonsevne og vern, fremje av eit mangfold av kulturuttrykk og urfolksrettar, med særleg fokus på samiske kulturuttrykk.

I formålet, der teksten er henta frå oppsummeringa i Meld. St. 18 (2020-2021), er det m.a. løfta fram at kulturskolen skal gi eit undervisningstilbod av høg fagleg og pedagogisk kvalitet til alle barn og unge, uavhengig av kvar dei bur og økonomi. Vidare at kulturskolen både skal vere ein skoleaktivitet, ein kulturaktivitet og ein fritidsaktivitet. Og at kulturskolen skal gi elevane moglegheit til å medverke.

## **2. Kulturskolen si forståing av oppdraget**

Her blir kulturskolen sitt verdigrunnlag beskrive. Det blir slått fast at kulturskolen er ein profesjonell kunst- og kulturfagleg ressurs for kommunen, og aktivitetane og kulturskolen sitt mål er tufta på pilarane læring, utfolding og berekraft, berekraft her i forståinga menneska sitt forhold til kvarandre, til kunsten og til naturen.

## **3. Kulturskolen sin praksis**

Også i det nye utkastet blir tilbodet i kulturskolen organisert innafor tre profilar og målsettingar: kjerneprogram, fordjupingsprogram og breiddetilbod. Medan kvar enkelt kommune er forventa å ha kjernetilbod og breiddetilbod, kan fordjupingstilbodet leggjast til rette i eit systematisk samarbeid med andre i fylket/regionen.

Kulturskolen sine fag har tradisjonelt vore dans, musikk, sirkus, skapande skrivning, teater og visuell kunst. (Innafor disse fem områda er det tidlegare utarbeidd nasjonale fagplanar, som supplerer rammeplanen sin generelle del.) Utvikling av nye tilbod og behovet for nye pedagogiske tilnæringsmåtar, bl.a. knytt til samiske kulturfag, bruk av digitale verktøy i opplæringa (også som instrument) og læringsstøttande vurderingskultur, blir løfta fram.

Kulturskolen si rolle i samhandling med andre er også framheva i utkastet til ny rammeplan, skolar, barnehagar og kommunen sitt tenestetilbod elles, det lokale kulturlivet, det frivillige kulturlivet og profesjonelle aktørar på kunst- og kulturfeltet

## **4. Kvalitet, roller og ansvar i kulturskolen**

Den ny rammeplanen slår fast at kvalitet ikkje er eit eintydig omgrep, og spørsmålet om kva som er god kvalitet må bli halde levande og bli drøfta både av skoleeigar, -leiing, -lærarar og innbyggjarane i kommunen. Kvalitet handlar både om kvalitet i undervisinga, organisering, samhandling med andre og elev- og brukarperspektivet. Tre nye omgrep blir presentert: ressurskvalitet, strukturkvalitet og prosesskvalitet.

Kompetansekrava for tilsette i kulturskolen er uendra i det nye utkastet til rammeplan, m.a. at tilsette i kulturskolane skal ha høg kunstfagleg kompetanse med minimum tre års formell kunstfagleg utdanning og pedagogisk kompetanse.

### **Vurdering**

Forslaget til ny rammeplan er langt på veg ein god plan, som søker å definere kulturskolen sitt formål og moglegheiter for vidare utvikling. Kapittelstrukturen er logisk og hensiktsmessig frå beskriving av samfunnsoppdraget, forståing av oppdraget og praksis, til kvalitet og kva kompetanse som skal til for å løyse oppdraget.

Språket i ny rammeplan er prega av fagfornyninga og meir «i tida» enn den førre, med bruk av omgrep som samhandling, medverknad, mangfald, samskaping, involvering, inkluderande kraft, fleirmedialitet (innhaldsproduksjon på fleire plattformar) osv. Samla sett er kanskje den største endringa frå dagens rammeplan at den nye utvidar kulturskolen sitt mandat og forventning om tverrfagleg samhandling.

I tillegg til elevperspektivet og formålsparagrafen i Opplæringslova, er det i tråd med Stortingsmelding 18 sett forventingar til kulturskolane om å bidra breitt i kommunal tenesteproduksjon med sin supplerande kompetanse. Kunst- og kulturfaga kan bidra til variasjon, kvalitet og effekt i tenestemråde både innanfor oppvekst- og helsesektoren.

I innleiinga kunne gjerne det genuine med kunst- og kulturfaga vore utdjupa, kvifor og korleis kulturskolen sin kompetanse kan bli brukt som samhandlande aktør. Innleiinga kunne elles vore stramma inn, m.a. ved at opplæringslova får meir plass og avsnitta om

konvensjonar og rettar i FN og UNESCO blir korta noko ned. Samstundes kunne det kanskje vore på sin plass å gjere nokre koplingar til FN sine berekraftsmål.

I den reviderte opplæringslova har kulturskolen fått ein eigen formålsparagraf, men dette punktet er i for liten grad behandla i kapittel 1 om samfunnsoppdraget. Medan kulturskolen sine aktivitetar, lære, oppleve, skape og formidle, er godt utgreidd både i gamal og ny rammeplan, står det siste og nye punktet, «trygt og godt skolemiljø», åleine. Dette punktet med fordel ha vore løfta fram og behandla, om ikkje anna vist til det som står i (ny) opplæringslov § 12 om skolemiljøet til elevane.

Oppgåvene for kulturskolen femner vidt, og difor kan det vere vanskeleg å lese seg til kva som heng saman med kva i dei ulike kapitla, og det er ei utfordring å beskrive kulturskolen sin praksis presist og dekkande. Det blir ein fare at kulturskolen skal vere «alt for alle», og er då forventingane dei same anten det gjeld kjerne- og fordjupingstilbod eller tverrfagleg tenesteproduksjon?

Beskrivinga av dei tre programma er elles enklare og spissa enn tidlegare. Breiddetilbodet i kulturskolen er tydelegare definert som aktivitet knytt til tverrfagleg tenesteproduksjon. Dette inneber m.a. at noko av det vi i dag reknar som breiddetilbod vil kome inn under kjernetilbod, slik den nye rammeplanen definerer dei ulike programma.

Kapittel 3 blir innleia med: «En kulturskole for alle inneberer at alle, uavhengig av bakgrunn, føler seg velkomne.» Denne setninga blir opplevd som noko ufullstendig når det gjeld kva «for alle» betyr, og bør utdjupast. For alle blir gjerne synonymt med mangfald, som fort blir eit honnrord og med ei snever tyding. Mangfald blir i all hovudsak brukt om breidde og omfang i tilbod, og tar i (for) liten grad for seg aspekta knytt til det menneskelege mangfaldet. I dette perspektivet bør også sosial berekraft vere med, som t.d. tilgjengelegheit knytt til fysisk tilrettelegging, økonomi og geografisk/kommunikasjonsmessig tilgjenge.

Læringsstøttande arbeid er eit nytt omgrep og eit tema som blir godt beskrive i rammeplanen. Det same gjeld kulturskolelæraren og det profesjonelle læringsfellesskapet, som er ein viktig føresetnad for også å sjå kulturskolen i ein større samanheng lokalt og som samfunnsaktør.

I den nye rammeplanen er kulturskolen framleis eit lokalt ressurscenter, men fokuset er sterkare knytt opp mot samarbeid og samhandling. Koplinga mot det frivillige kulturlivet er tona ned i den nye rammeplanen, som no i større grad snakkar om det samla kulturlivet og tenestetilbodet i kommunen. Her kunne moglegheitsrommet i forhold til samhandling vore utdjupa, m.a. med stillingssamarbeid med skoleverket og frivillig kulturliv for å rekruttere kompetanse og bygge større stillingar innafor estetiske fag i kommunen.

### **Økonomiske / juridiske / andre driftsmessige og organisatoriske konsekvensar:**

Ettersom kulturskolen som skoleslag ikkje har lovfesta plikt om rammeplan eller fagplanar på line med grunnskolen, vil også den nye rammeplanen, Rammeplan for kulturskole – kulturskole for alle, bli ein rettleiande plan. Det blir opp til den enkelte kommune å vedta planen og leggje han til grunn for kulturskoleverksemda i kommunen.

**Konklusjon med grunngiving:**

Ålesund kommune sluttar seg til utkastet til ny nasjonal rammeplan for kulturskolen med dei kommentarane som ligg under vurdering i saksutgreiing, og vil leggje også den nye rammeplanen, når den er endeleg vedteke, til grunn for kulturskoleverksemda i Ålesund kommune.

Jon Steven Hasseldal  
kommunedirektør

**Vedlegg:**

1. Rammeplan for kulturskolen 2024 - Høringsbrev til kommunene
2. 2024 Rammeplan for kulturskolen - overordnet del - høringsutkast
3. Skaperglede, engasjement og utforskertrang - prakisk og estetisk innhold i barnehage, skole og lærerutdanning
4. Meld. St. 18 (2020 - 2021) Opplive, skape, dele - kunst og kultur for, med og av barn og unge